

Jeanette Gretland Guddal ny formann i Uskedalen Utvikling

22.02.2007



Avgåtte, påtroppende og sittande medlemmer/varamedlemmer av styret i Uskedalen Utvikling etter årsmøtet i Uskedalen
Oppvekstsenter: Foran sit den nye formann Jeanette Gretland Guddal og det nye styremedlem Klara Bakke. Bak står, frå venstre, avgående styremedlem Kjell Magne Haugland, styremedlem Michael Røssland, varamedlem Gunn Mari Moberg, varamedlem Jan Erik Olson og avgående formann Sveinung M. Pile. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jeanette Gretland Guddal har avløyst Sveinung M. Pile som formann i Uskedalen Utvikling. Pile gjekk ut etter eitt år i leiiinga fordi han fann å måtte konsentrera seg om Festidalen. Også Kjell Magne Haugland gjekk ut av styret og han vart avløyst av Klara Bakke.

Mikael Røssland står att som styremedlem medan Arne Rød, Jan Erik Olson og Gunn Mari Moberg er varamedlemmer. Rød har fungert som kasserar og presenterte ein rekneskap som syntet ei auke i kassabeholdninga i 2006 frå 7.000 til 35.000 kroner. Omsetningen auka frå 49.000 til 107.000. Dei høgare tala hadde ikkje minst samanheng med tiltak under Bygdeutviklingsprogrammet.

Nettsida ut av Bygdeutviklingsprogrammet

Eitt av tiltaka er nettsida uskedalen.no, som i fjor ga ei annonseinntekt på 12.000 kroner og som i år truleg vil gje 40.000.

Sida gjekk "på lufta" i ny fasong i byrjinga av juli og har sidan hatt rundt rekna 500 nyhende. No på nyåret har sida fleire gonger nådd over 500 besøk (antall maskiner som har vore inne på eit døgn) sjølv om det truleg er berre rundt 200 av dei 300 husstandane i Uskedalen som har internett-tilgang.

For at sida skal få enda betre mogelegheiter til å fylla si oppgåve som ein effektiv informasjonskanal både innanfor og utanfor Uskedalen blir ho no skilt ut som ein sjølvstendig einheit direkte underlagt styret i UU. Likevel skal nettsida også fungera som eit viktig verkemiddel i arbeidet med Bygdeutviklingsprosjektet.

Badestranda krev meir vedlikehald

Eit anna tiltak som var svært vellukka i fjor var opprustinga av badestranda i Stølavikjo, som lokalbanken gav 20.000 i gáve til og som kunne gå føre seg fordi grunneigarane var svært imøtekommande.

Men stranda krev meir vedlikehald og det vil bli teke kontakt med skulen for å undersøkja om dei kan ha ope toalettanlegget på dei mest populære badedagane. Det vil også bli plassert restavfallsdunk nær stranda.

"Friluftsgruppa" har ellers mellom anna laga og hengt opp eindel nye skilt på turvegane og hatt eit stort arbeid med å rydda den gamle stien på austsida av Mannsvatn. Gruppa har også hatt ein fellestur til Skorpefjellet.

Eit tredje tiltak som uskedelingane snart vil se resultatet av er rasteplassen ved oppslagstavla, som kjem på i underkant av 20.000 kroner. No vantar berre fem bord før plassen er klår. I år er opparbeiding av ein ny rasteplass ved Eikelandet eit prioritert tiltak og seinare bør det anleggast ein tredje rasteplass på det nyleg avskoga området ved Kvednavikjo.

Det var i fjor også ein vellukka marknadsføring av arrangement under overskrifta SOMMARBYGDA USKEDALEN. Dette tiltaket vil bli gjenteke og systematisert i år.

Ny gruppe for trivselstiltak

Bygdeutviklingsprogrammet har så langt hatt grupper for sentrumsutvikling, kultur/turisme/informasjon, næringsutvikling og friluftsliv/turvegar, men no skal det i tillegg opprettast ei spesiell trivselsgruppe med ansvar for oppvekst, levekår, velvære og sosiale relasjoner.

Eit prioritert tiltak her er ein eldrekafe i Gamleskulen, men ein kan i tillegg tenkje seg ein form for besøksteneste og det er sjølv sagt meininga at gruppa skal få i stand trivselsskapande tiltak også for yngre aldersgrupper.

Gamleskulen er ei utfordring

Gamleskulen er ei utfordring for Uskedalen Utvikling. Sidan Elin Enes ga opp kafedrifta der i fjor, har huset vore utan leietakar bortsett frå Ungdomsklubben i andre høgda. Styret har arbeidd for å få inn ein eller fleire nye leietakarar utan å ha lukkast.

Eit forslag har vore å gjera huset om til øvingslokale for ungdommar i lokale band, men UU ynskjer at huset skal komma fleire til nytte og set særleg pensjonistane i fokus. Styret ynskjer å utfordra dei til å "overta" drifta og det nye styret skal no freiste å realisera denne ideen.

Standarden på huset bør hevast til dagens nivå og til det krevst det økonomi og dugnadsinnsats. Truleg trengst det 250.000 kroner for å ruste opp kjellaren og få ei betre oppvarming av hovudetasjen. Utstillingar og utleige til møter og andre tilstelningar er to aktuelle bruksområde.

Av Ola Matti Mathisen

